

## Oповassdraget- eit trugsmål for busetnaden

Vi som bur og har eigedom langs Opo der ho renn frå Sandvinsvatnet til fjorden, ser på elva som eit trugsmål dersom den ikkje vert regulert på ein eller annan måte. Ein ny og vesentleg større flaum enn den i 2014 (570 m<sup>3</sup>/s) er vi redde for vil gjera ny stor skade. Ikkje minst i øvre del av elva der det ikkje er gjort særlege førebyggingstiltak og der elva renn på det striaste. Ein storflaum på inntil 900 m<sup>3</sup>/s vil det ikkje vera plass til i elveløpet frå Vasstun og nedetter. Vi kan få utgravingar på begge sider av elvelaupet med påfølgjande utrasing av steinmassar. Desse massane kan igjen demma opp elvelaupet lenger nede og gjera ny skade på bebyggelsen langs elva.

Med dei nye framskrivingane av sannsynleg nedbør i vårt område, er vi redd for at storflaumen kan koma igjen i nær framtid. Då bør vi hatt fått ein flaumtunnel på plass, slik at både innbyggarane langs nedste del av Opo og innbyggarane på Sandvin/Hildal/Jordal, kan sleppa å få sine heimar og eigedomar øydelagte. Ein flaumtunnel vil også kunna nyttast aktivt ved mellomstore flaumar, slik at det vert leveleg for folk og dyr på Sandvin/Hildal. Det er ikkje meining i at folket der skal måtta få overfløynde hus og eigedomar minst kvart 10 år.

### Flaumtunnel med kraftverk

Vi ser at det er mange som engasjerer seg *imot* at det skal byggjast kraftverk i tilknytning til ein flaumtunnel. Dei ser trongen for flaumtunnel men ønskjer at den skal finansierast direkte av staten. Vi trur, på same vis som ordførar Roald Aga Haug, at dette er lite realistisk.

Flaumtunnel med kraftverk i nedre del av Opo er ingen *katastrofe* slik somme framstiller det. Elvelandskapet i denne delen av Opo er bearbeidd og ikkje lenger eit "naturleg" elveløp. Resten av Oповassdraget vert uansett bevart, og planlagt vasstandsregulering av Sandvinsvatnet vert vesentleg mindre enn den naturlege variasjonen i vasstanden. Planlagt terskel ovafor brua er eit lite dominerande inngrep, og eit mindre inngrep i osen enn nedgraving av ein eventuell flaumluketunnel.

Det heile koker ned til kor mykje vatn det bør renna i elva som minimum sommarhalvåret. Vi som bur langs elva meiner at ei minstevassføring i sommarhalvåret på 15-20 m<sup>3</sup>/sek gjev ei levande elv, og slett ingen sildrebekk. Fleire gonger i løpet av året vil dessutan elva få vesentleg meir vassføring sidan kraftverket berre nyttar 75 m<sup>3</sup>/sek. Ein vil altså framleis få naturlege variasjonar i vassføringa gjennom året.

Utgreiinga frå fiskebiologane viser kva omsyn ein bør ta til fisken i elva ved eventuell utbygging. Det er ingen utbyggar som lenger får lov til å øydeleggja biologien i eit vassdrag. Truleg kan vi ved utbygging endeleg få ei laksetrapp som fungerer, betalt av utbyggar.

Vi er svært opptekne av at det må byggjast ein flaumtunnel for å sikra gard og grunn. Vi som bur langs elva er glad for at Odda kommune stiller seg positive til utbygging av flaumtunnel med kraftverk. Dette nok er det einaste realistiske alternativet for å få finansiert ein

flaumtunnel. Dei som arbeider imot dette påtek seg eit stort ansvar. Odda får nok ikkje ein ny slik sjanse til å flaumsikra tettstaden.

**Grunneigarar på Vasstun-Mannsåker-Hjøllø**

Torbjørn Jordal, Birger Mannsåker, Olav Seim, Lars Arne Sandvin, Tor Henrik Mannsåker, Alf Johan Helgestad.